


## Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I samsvar med plan og bygningsloven (pbl.) § 12-8 varslast det om utviding av plangrense av detaljregulering for Ryland - B11/B15 i Alver kommune med plan-ID: 1256 2017 0001. Planområdet er utvida til å inkludere gnr. 43 bnr.56, bnr. 80, bnr. 122, bnr. 92, bnr. 89 og bnr.126. Oppstart av reguleringsplanarbeidet vart varsla første gang 03.07.18. Grunna ulike tilhøve har planarbeidet teke tid, og i løpet av prosessen har plangrensa blitt utvida. Difor vert det no sendt ut nytt varsel.



Sandland Holding AS er tiltakshavar.

Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet er om lag 162 daa etter utviding og ligg på Ryland ved FV 248 Eikelandsvegen. Sørvestleg del av området er hovudsakleg eit utmarksområde med høg skogbonitet, medan den nordaustlege delen består av spreidd bustad og drivhus. Delar av planområdet inngår i Områdeplan Rylandshøgda (plan-ID: 1256 20160004) og i reguleringsplan for Leirdalen (plan-ID: 1256 20031030).

Planområdet er i hovudsak sett av til areal for framtidig bustad (felt B\_11 og B\_15) og til LNFR-areal i kommuneplanens arealdel 2015-2027. Mindre delar av området er sett av til areal for eksisterande bustad. Store delar av LNFR-arealet er råka av omsynssone for landbruk (H510\_2). Planområdet overlappar delvis sikringsone for verneplan for Rylandsvassdraget i søraust (H190\_1). Langs fylkesvegen ligg støysone (H210 og H220).

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for bustader innanfor felta B\_11 og B\_15, som er avsett til framtidig bustad i kommuneplanens arealdel. Det er lagt opp til om lag 100 nye bustader, med ein kombinasjon av frittliggjande og konsentrert småhusbusetnad.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som gjeld planens løysningar eller særskilde behov kan sendes skriftleg til:

Ard arealplan as, c/o Spaces Media City, Lars Hilles gate 30, 5008 Bergen eller e-post: [post@ardarealplan.no](mailto:post@ardarealplan.no).

Frist for merknadar er sett til **03.08.2022**.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Ard arealplan as på tlf. 55 31 95 00 eller på nettsida [www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no).

**Ard**  
arealplan